

**Fra:** Øyvind Stang (Oyvind.Stang@lindas.kommune.no)  
**Sendt:** 29.10.2015 12:19:31  
**Til:** Solveig Lohne Rongved  
**Kopi:** Line Merete Valle; Therese Urdahl Braseth

**Emne:** Vedrørende BARK Midlar

**Vedlegg:**

Hei!

Vi søker med dette om at Håkonshaugen kjem inn på lista over kulturminner kor ein kan søkje om BARK midlar til skjøtsel og tilrettelegging.

Håkonshaugen er Lindås kommune sin 1000-årsstad og eit viktig kulturminne for kommunen.

I vedteken kulturminneplan for kommunen har Håkonshaugen ein sentral plass. Foruten ei beskriving av bakgrunn for at den har blitt eit frede kulturminne, står det: "Det er ynskje om å utvikle eit fast opplevingstilbod knytt til haugen". Under tiltak står det: "Vidareutvikle haugen som formidlingsarena,..." I den meir overordna kulturplanen er det også skildra tiltak knytt til Håkonshaugen. Der står det: "Arbeide for å utvikla kommunen sin tusenårsstad, Håkonshaugen på Seim, ved å oppretta ein formidlingsarena/møteplass...". Håkonshaugen er ein viktig del av bygdeidentiteten til Seimsbygda. Under mål, strategi i samfunnsdelen til kommuneplanen står det: "Bygdeidentiteten skal ivaretakast". Hagen og tiltak i samband med å vidareutvikle formidlingstilbodet er altså godt forankra i planverktøya til kommunen og høgt prioritert.

For meir informasjon, så planane her:

<http://www.lindas.kommune.no/gjeldande-planar.362937.nn.html>

Tiltak knytt til haugen har og ei sterk lokal forankring. Lindås sogelag er ein viktig samarbeidspartnar for Lindås kommune. Dei har engasjert seg sterkt i å vidareutvikle Håkonshaugen som formidlingsarena.

Kvar 17.mai samlast folk fra bygden seg ved haugen. Mangel på universell utforming /tilkomst og skjøtsel, har vore påpeikt av fleire, i høve dette arrangementet.

Vi håpar på eit snarleg positivt svar, venleg helsing:

Øyvind Stang  
Einingsleiar for kultur og aktivitet  
Lindås kommune